



JournalpostID: 26/11229
Sakshandsamar: Bjørn Henry
Marthinussen
Dato: 10.09.2026

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
066/26	Formannskapet	24.09.2026

Framlegg til kommunal forskrift for termisk sikte

Vedlegg:

Vurdering av hjortebestanden i 2026 ette Alminnelege bestemelser om bærekraftig bruk og § 15. (forvaltningsprinsipp) i Naturmangfoldloven
11 .sep Fastsettelse av lokal forskrift for åpning for bruk av restlysforsterkende og termiske siktemidler til jakt på hjort
Forslag til forskrift termisk

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Vedlagt framlegg til forskrift for termisk sikte blir sendt ut på høyring.

Bakgrunn for saka:

Ny Viltressursloven den 1. juli 2026

§ 26. *Bruk av synlig lys og særskilte siktemidler*

Bruk av lyskilder som gir synlig lys under jakt og fangst, er forbudt, med mindre annet følger av eller i medhold av lov. Det samme gjelder bruk av restlysforsterkende og termiske siktemidler og andre siktemidler med teknologi som har til formål å lyse opp eller forbedre synligheten av omgivelsene eller viltet for jegeren.

Kongen gir forskrift om unntak fra forbudet etter første ledd for blant annet ettersøk av påskutt vilt, jakt på nærmere bestemte arter og når det anses nødvendig for å regulere viltbestanden i nærmere bestemte områder.

Forskrift om utøvelse av jakt, felling og fangst

§ 29a. *Tillatt bruk av synlig lys og restlysforsterkende og termiske siktemidler*

For å avverge alvorlig skade på natur- eller samfunnsinteresser som følge av høy bestandstetthet, kan kommunen i forskrift åpne for bruk av restlysforsterkende og termiske

siktemidler ved jakt på hjort. Bruken av restlysforsterkende og termiske siktemidler skal avgrenses til jakt i åpent terreng. Kommunen skal vurdere behovet for videreføring av en slik forskriftsregel hvert femte år. Kopi av vurderingen skal sendes Landbruksdirektoratet. Jegeren skal rapportere bruk av restlysforsterkende og termiske siktemidler ved felling av hjort i Hjorteviltregisteret.

Formannskapet bad den 27.08.26 om at administrasjonen sette i gang arbeidet med kommunal forskrift om termiske sikte.

Formannskapet 24.09.2026:

Handsaming:

- Ordføreren orienterte om saka.
- Høyringsfristen vert sett slik at saka kan handsamast i kommunestyret 22. oktober.
- Etter høyringa skal saka gå direkte til kommunestyret.
- Nils Jørgen Sagebø, Ap, meinte at ein ikkje kan nytt temisk sikte ukritisk, eg skal ta omsyn til dyrevelferd. Bør berre nyttast når det er skade på natur og beitemark.
- Det vart vist til at målet er å redusere hjortebestanden med om lag 10 %, og at dette er bakgrunnen for behovet for tiltaket.
- Det vart uttrykt semje om at ei eventuell forskrift må utformast slik at den tek omsyn til både bestandsforvaltning, dyrevelferd og naturomsyn.

FSK- 066/26 Vedtak:

Samrøystes vedtak:

Vedlagt framlegg til forskrift for termisk sikte blir sendt ut på høyring.

Aktuelle lover, forskrifter avtale mm:

Viltressursloven

Forskrift om utøvelse av jakt, felling og fangst

Saksopplysningar:

Frå rettleiaren «Fastsettelse av lokal forskrift for åpning for bruk av restlysforsterkende og termiske siktemidler til jakt på hjort.»:

Vilkår for å fastsette forskrift

For at kommunen skal kunne åpne for bruk av restlysforsterkende og termiske siktemidler, heretter kalt termiske siktemidler, skal det være med mål om å avverge alvorlig skade på natur- eller samfunnsinteresser som følge av høy bestandstetthet
jf. forskrift om utøvelse av jakt, felling og fangst § 29a. termiske siktemidler til jakt på hjort.

Kommunen er tillagt denne myndigheten som lokal viltmyndighet fordi kommunen står

nærmest til å vurdere skadeomfang og behovet for å åpne for bruk av slike siktemidler.

Definisjon av åpent terreng

Med «åpent terreng» menes her terreng som stort sett er fritt for hindringer som bygninger og trær. Eksempler på dette er åker, eng og beitemark. Det kan også være åpne arealer på skogsmark, som hogstflater, naturlige åpninger uten høyt feltsjikt- og buskvegetasjon og områder der skogen er høystammet og glissen

Sammenheng med kommunale målsettinger og annen virkemiddelbruk

Landbruksdirektoratet mener det bør være en sammenheng i forvaltningens mål og virkemiddelbruk. Hjorteviltforskriften § 3 sier at kommunene skal vedta mål for utvikling av bestandene av hjortevilt. Målene skal blant annet ta hensyn til opplysninger om beitegrunnlag, bestandsutvikling, skader på naturmangfold, jord- og skogbruk og omfanget av viltulykker på veg og bane. Termiske siktemidler er ansett som et virkemiddel som kan brukes ved alvorlig skade eller for å avverge alvorlig skade på natur- og samfunnsinteresser som følge av høy bestandstetthet. Etter landbruksdirektoratets syn kan ikke kommunen åpne for bruk av slike siktemidler hvis kommunen ikke har vedtatt kommunale mål som sier noe om ønsket bestandsutvikling. Kommunene kan heller ikke åpne for bruk av termiske siktemidler hvis kommunen har mål om bestandsvekst av hjort. Videre er det naturlig at de kommunale mål legger opp til avskytingsprofiler som fører til stabilisering eller reduksjon av bestandsstørrelse alt etter hvordan bestands-situasjonen i kommunen er.

Vurderingskriterier for kommunen

For at kommunen skal kunne fastsette lokal forskrift må det være med mål om å avverge alvorlig skade. Å avverge omfatter både en situasjon der noe allerede har skjedd, samt en situasjon som er påregnelig å kunne inntreffe. Med «alvorlig skade» menes en situasjon hvor skaden har nådd eller påregnes å nå en viss terskel. Det legges til grunn at med alvorlig, så menes en skadesituasjon som innebærer betydelige skadekonsekvenser. Dette kan for eksempel være beiteskader i stort omfang på jordbruks- eller skogbruksarealer, og som vil innebære et økonomisk tap for grunneiere. Det kan også dreie seg om skade på annen eiendom eller person som følge av trafikkpåkørsler, eller at bestandstettheten er så høy at det innebærer skade på dyrehelse for eksempel gjennom en generell nedgang i slaktevekt eller sykdomsutbrudd i hjortebestanden. Utvikling over flere år skal tillegges større vekt enn enkelthendelser.

Vurdering:

I Forvaltningsmål for hjort Bremanger kommune 2025-2029 som vart vedtekne av kommunestyret i Bremanger 17.06.2025, sak KST-026/25 står det:

2. Kort om bestandsstatus og utfordringar t.o.m. 2024

Kunnskapstala viser at dei to årsleveområda Bremanger er del av har felles utfordringar i tette bestandar av hjort og med til dels svært låge gjennomsnittlege vekter på kalv og ungdyr. Det indikerer tett bestand og utviklinga har vore negativ, også siste 5 års periode. Det er viktig at denne utviklinga blir endra. Kondisjonen må opp, og det må bli meir mat til kvart individ som er att etter jaktuttaket. Tiltaket blir redusert bestand med forventning om å sjå auka kondisjon framover. Tiltaket kjem ikkje av seg sjølv og vil krevje tett oppfølging av valda

3 Forvaltningsmål for perioden 2025-2029

Måla er endringsmål og er sette kortsiktig for perioden og skal nåast innan tidsavgrensinga. Det er hovudfokus på redusert bestand. Det er forventa at måloppnåing vil gi klare effektar på kondisjonstilhøva. Særlege konkrete mål for kondisjon er derfor utelatne i endringsmåla.

Måla er konkrete og etterprøvbare. Grunnlaget for oppfølging av måloppnåing undervegs er kunnskapen innhenta, tilrettelagt og tilgjengeleggjort i Hjorteviltregisteret. For oppfølging av arealbrukskonfliktar som skade på innmark, skog og naturmangfald kan evt. også andre tilgjengelege data nyttast. Oppfølging av måloppnåing skal skje årleg og skal følgjast opp for kvart av årsleveområda kvar for seg. Som basis for vurdering av måloppnåing skal siste 5 årsperiode 2020-2024 (gjennomsnitt for perioden) vere referanse.

- Hjortebestandane i Bremanger skal reduserast til lågare nivå med minst 10% i løpet av perioden (sett hjort pr jegerdag)
- Hjortebestandane i Bremanger skal ha ein auka andel hanndyr i bestanden med minst 10% i løpet av perioden (sett kolle pr bukk)
- Hjortebestandane i Bremanger skal ha ein auka andel eldre dyr i bestanden med minst 10% i løpet av perioden
- Redusere tall påkøyrslar der hjort innblanda med 10 % og redusere skade på innmark og skog.

Landbruksdirektoratet skriv i rettleiaren:

For at kommunen skal kunne fastsette lokal forskrift må det være med mål om å avverge alvorleg skade. Å avverge omfatter både en situasjon der noe allerede har skjedd, samt en situasjon som er påregnelig å kunne inntreffe.

I Forvaltningsmål for hjort Bremanger kommune 2025-2029 er det eit mål om å avverge alvorleg skade på hjortebestanden i kommunen:

«utfordringar i tette bestandar av hjort og med til dels svært låge gjennomsnittlege vektorer på kalv og ungdyr. Det er viktig at denne utviklinga blir endra. Kondisjonen må opp, og det må bli meir mat til kvart individ som er att etter jaktuttaket. Tiltaket blir redusert bestand med forventning om å sjå auka kondisjon framover. Tiltaket kjem ikkje av seg sjølv og vil krevje tett oppfølging av valda.»

Alvorleg skade på naturinteresser	Skade på samfunnsinteresser
Vurdering av bestandstettleik	Jordbruk (Alvorleg skade for enkelte bruk)
Bestandsmessige forhold	Skogbruk (barkgnag, rasering av ny planting og eldre hkl. II)
Effekt av beiting på biologisk mangfald	Hjortepåkøyrslar (alle påkøyrslar er alvorlege)

Med bakgrunn i «Forvaltningsmål for hjort Bremanger kommune 2025-2029» som viser til alvorleg skade på hjortebestanden med svært låge vektorer på kalv og ungdyr, er det naturinteresser som er alvorleg skada.

Samfunnsinteresser som jordbruk og skogbruk har skade, men ikkje alvorleg skade for Bremanger kommune sett under eitt. Det er enkelte eigarar som har høgt beitepress på grasavlinga si. Enkelte plasser er det vanskar med å få opp skog etter hogst.

Sjå vedlegg

1. Alvorleg skade på hjortebestanden og effektar av beiting på biologisk mangfald.
2. Vurdering av hjortebestanden i 2026 etter Alminnelige bestemmelser om bærekraftig bruk og § 15. (forvaltningsprinsipp) i Naturmangfoldloven

Kommunens handlingsrom i forskriften (utdrag frå rettleiaren):

Forskriftshjemmelen i forskrift om utøvelse av jakt, felling og fangst § 29a er avgrenset til å åpne for bruk av termiske siktemidler. Åpning for bruk gjelder hele kommunen, selv om skadesituasjonen eventuelt er begrenset til deler av kommunen. Kommunen har ikke hjemmel i utøvelsesforskriften for å pålegge ytterlige supplerende føringar for bruken av slike siktemidler, for eksempel til å åpne for bruk i deler av kommunen, tidsavgrensning til bruk eller til hvilke kjønns- og alderskategorier som kan felles med termisk. Selve forskriftshjemmelen som åpner for bruk av termiske siktemidler kan tas inn i den lokale forskriften som regulerer åpning for jakt på hjort og fastsettelse av minsteareal og fellingsavgift. Forskriftshjemmelen kan eksempelvis formuleres slik:

§ X – XXX kommune åpner for bruk av restlysförsterkende og termiske siktemidler til jakt på hjort i åpent terreng for å avverge alvorlig skade på natur- eller samfunnsinteresser som følge av høy bestandstetthet.

Framlegg til forskrift er lagt ved saka.

Økonomiske konsekvensar av framlegg til vedtak:

Ingen relevante.